

**Uttale frå ordførarane i Sunnhordland:**

**Sjølvtakt av fungerande fylkesordførar**

**Pål Kårbø har ikkje heime i eige fylkesting når han forsøker å nedprioritere eit av landets viktigaste vegprosjekt, E39 Hordfast. Det er svært uheldig at han òg bryt mangeårig semje om Hordfast og det er eit svik mot det viktige partnerskapet med LO og NHO.**

E39 Hordfast er eit av landets viktigaste vegprosjekt. Hordfast skal binde saman Vestlandets to største byar, med ferjefritt vegsamband. Dette vil nasjonalt ha svært store og positive ringverknader. E39 Hordfast er regionalt og nasjonalt viktig prosjekt.

Vikarierende fylkesordførar Pål Kårbø gjer eit av landets viktigaste samferdsleprosjekt til eit lokalprosjekt. Uttalane til Pål Kårbø er sjølvtakt og ikkje heimla i politiske vedtak, det skapar samstundes utryggleik rundt eit av landets viktigaste samferdsleprosjekt. Det er svært uheldig og stikk i strid med det Hordaland fylkeskommune sjølv har gjort vedtak om. Uttalane til vikarierende fylkesordførar er i strid med vedtak som er gjort i kommunane, og ønskje til næringsliv og innbyggjarar.

Ordførarane i Sunnhordland minner vidare om at dette er eit statleg vegprosjekt og ikkje fylkeskommunalt. Fungerande fylkesordførar tar difor på ei seg ei rolle som han ikkje skal eller bør ha.

Ordførarane i Sunnhordland ber Hordaland fylkeskommune snarast følgje egne vedtak, og sørge for at det viktige samarbeidet med LO og NHO vert gjenoppteke.

Sunnhordland, 24 april 2017



Morten Storebø  
Austevoll kommune



Odd Harald Hovland  
Bømlo kommune

Siri Klokkestuen (s)  
Etne kommune



Wenche Tislevoll  
Fitjar kommune

Peder Sjø Slettebø (s)  
Kvinnherad kommune



Harry Herstad  
Stord kommune



Jorunn Skåden  
Sveio kommune



Kåre Martin Kleppe  
Tysnes kommune